



NVE

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
202203607		97211/2022	Per Oterholm,	18.07.2022

## **Innspel - Nye områder for fornybar energiproduksjon til havs**

NVE er i oppdrag frå Olje- og energidepartementet bedt om å identifisere nye områder for fornybar energiproduksjon til havs. Oppdraget skal gjennomførast av NVE i samråd med ei direktoratsgruppe.

Direktoratsgruppa ynskjer i den forbindelse forslag på:

- Nye område for vindkraft til havs som ikkje er utreda tidlegare, men som bør vurderast no
  - Konkrete geografiske områder (kartfesta)
  - Områdetyper som kan være interessante

NVE ynskjer i tillegg innspel på:

- Aktuelle områder for annan type energiproduksjon til havs
- Moglege endringar av områda som vart konsekvensutreda i 2012
- Eventuelle utvidelsar av dei områda som allereie er åpna (Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord).

### **Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer å gi følgande innspel:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer at det blir utført ei vurdering av havområde egna for fornybar energiproduksjon, både ut frå eit beredskaps-, miljø- og klimaperspektiv og den potensielle verdiskapinga dette kan medføre for næringslivet i regionen.

2. Fylkeskommunen vil peike på heile kysten utanfor Møre og Romsdal som aktuell for vurdering. Særleg områda i nærleiken av Ormen Lange-feltet og ved felta Linnorm og Draugen, med potensialet for ringverknader frå sjøkablane og planane for elektrifisering av installasjonane, vil vera aktuell for vurdering.

### **Grunngjeving:**

Langsiktig utviklingsmål 2 i fylkesplana for berekraftfylket seier at Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr 1, der fylket skal redusera klimagassutsleppa slik at det er klimanøytralt innan 2030, og bidra til 55% kutt i ikkje-kvotepliktig sektor. Vi skal og forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport og hindrar unødige landskapsinngrep. Auka produksjon og bruk av energi skal baserast på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfri energi.

Langsiktig utviklingsmål 4 seier at Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor. Eit av fylkesplanmåla seier at fylket skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grønne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft. Eit anna seier at vi skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv. Per i dag er årleg produksjon av elektrisitet i Møre og Romsdal om lag 7,5 TWh, medan årsbehovet er om lag 12,5 TWh.

Nye områder for fornybar energiproduksjon til havs vil kunne bidra til at både fylkesplanmåla og dei nasjonale måla nås.

I Møre og Romsdal finnes det allereie eit breitt spekter av næringsaktørar som kan bidra i etableringa av ny fornybar energiproduksjon til havs, både direkte og indirekte. Samtidig er grønne industrielle løft og energi satsingsområde gjennom vårt eige prosjekt Skaparkraft.

Næringane i Møre og Romsdal har brei kompetanse innan til dømes industri generelt, marine operasjonar, subsea, vindkraft og andre fornybare energiformar, i tillegg til at dei har godt eigna utstyr og fasilitetar som til dømes forsyningsbasar, skip og verft.

I høyringa er vi bedt om å identifisere nye områder for fornybar energiproduksjon med tanke på vidare vurderingar. Med fornybar energiproduksjon i denne samanhengen er nevnt havvind spesielt, men ein kan også tenkje seg at andre former er aktuelle, som til dømes bølge-, geotermisk- og solenergi.

Skal Noreg kunne innfri forpliktingane om reduksjon av klimagassar, er det vanskeleg å kome utanom elektrifisering av plattformer på den norske sokkelen. Fleire aktørar innan produksjon av olje og gass er i gang med planer og omstilling av egen energibruk. Til dømes ynskjer Norske Shell AS å elektrifisere Linnorm med sjøkabel frå Tjeldbergodden, OKEA har ein konsesjonssøknad om sjøkabel til Draugen under behandling hos NVE og Norske Shell AS har ein konsesjon for sjøkabel frå Nyhamna til Ormen Lange-feltet.

Ut frå vurderingane ovanfor og med tanke på at det berre er områder for vidare vurdering, utan begrensningar med tanke på skipstrafikk, miljø, gyte- og fiskeområder osb, som direktoratsgruppa er ute etter, så kan heile kysten utanfor Møre og Romsdal, både innafor og utafor grunnlinja væra aktuelle for fornybar energiproduksjon. I følgje NVE Atlas er det gode vindressursar langs heile kysten av Møre og Romsdal, men særleg gode vest for Ormen Lange-feltet. Skal det peikast meir spesifikt på område, så er nærleiken til Ormen Lange, Linnorm og Draugen ekstra aktuelle grunna mogleg tilgang til sjøkablar og elektrifisering av plattformer og andre installasjonar.

Med helsing

Bengt Endreseth  
Leiar for Energi og grøn omstilling

Per Oterholm  
rådgivar